

Velkomne til årets påskedans på Dønhaug.

11.04.2017



Magne Huglen er klar for årets påskedans på Dønhaug.

Det populære dansebandet Gunnslingers kjem til Dønhaug i morgen, onsdag, og samlar full låve. Alle dei 500 bilettane er såleis selde. Det vert med andre ord ikkje sal av billettar ved inngangen. Det vert sal av bongar. Dersom det vert svikt i elektronisk betaling, oppmodar Magne Huglen alle ha med litt kontantar. Dette gjeld også for dei som skal ta bussen heim på natta.

Av totalt 500 billettar er 470 selde på nett. Kontrollen i inngangen vert skanning av utskrift eller frå mobiltelefon. Aldersgrensa er 18 år. Alle under 25 år vert oppmoda om å syna legitimasjon uoppfordra. Dønhaugkjedlaren er open som pub.

Gunnslingers spelar eit langt sett fram til kl. 01.00. Bussavgangen er seinast kl. 01.30. Det går to bussar på ut, ein buss på inn. Dei som skal ha transport heim med buss, må sei frå i bongebua. Det vert gjort for å sjå om ein må tinga meir enn tre bussar, men også for å få ein oversikt om nokon skal til Halsnøy eller lenger inn enn Løfallstrand.

Robert Smidt-Hald og Vegard Henanger utgjer oppvarmingsbandet. Det vert med andre ord musikk non stop frå kl. 21.30 til stengetid kl. 01.00. Låven er oppvarma, men i kjøleg ver vil det alltid vera lurt å kle seg godt og ha gode sko på.

Med dette er det meste sagt. Musikarane og vertsskapet gler seg og ser fram til årets låvedans på ein av dei største låvedansarenaene i landet.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Dønhaug Gjestegard har eit sterkt varemerke med tilbod innan overnatting, selskap, større arrangement og opplevingar.